

## Utrivleg hundeskit!!

15.04.2015



Svære, avskyelige rukker med hundeskit på leikeplassen!! Fy, æsj og uff!

**Vi har tidlegare skrive om at folk har klaga på hundeskit langs gang- og sykkelvegen, og i Korsnes. Derfor har vi oppfordra alle til å ta ansvar og bruka hundepose. Dette følgjer nok dei aller fleste opp, men nokre få øydelegg! Fleire av dei som deltok på dugnaden i Korsnes i dag, beklaga seg over problemet. Særleg ille er det at det var ein god del skit rundt leikeplassen ved ballbingen.**

Også langs med fortaua og gangveier er det for mykje skit. Det er slett ikkje noko kjekt å trakka i, og endå verre blir det når enkelte hundegarar let hundane sine bruka leikeplassen til borna som do. Det er heilt forkasteleg!!

Når ein skaffar seg hund, må ein vise såpass respekt og ansvar at ein tar med seg hundeposar til avføringa når ein går på tur. Hundeskiten må eigarane ta seg av sjølv! Irritasjonen er no svært stor både blant ansvarsfulle hundegarar og andre.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland